

Tiltaksstrategiar for SMIL ordninga for Stord og Fitjar, 2020- 2023

SMIL: Særskilte miljøtiltak i jordbruket

Konkrete tiltaksstrategiar er ei rullering av strategiplan i 2011 og i 2016. Denne tiltaksstrategien skal gje grunnlag for og skal vera rettleiande når landbrukskontoret handsamar innkomne søknadar om tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket i perioden 2020-2023. Strategiplanen er utarbeida av landbrukskontoret i dialog med Fylkesmannen Vestland og landbruksorganisasjonane i Stord og Fitjar. Utlysing av søknadsordninga vert lagt ut på Stord og Fitjar sine heimeside før årleg søknadsfrist.

Planperiode

Tiltaksstrategien gjeld frå den er vedtatt politisk i Stord kommune og i Fitjar kommune i 2020 til 31.12.2023.



Særtrekk og utfordringar i Stord og Fitjar

Øya Stord ligg i Sunnhordland og er delt mellom kommunane Fitjar i nord og Stord i sør. I tillegg har vi øyane Huglo, Føyno og område Fitjarøyane.

Samla areal og jordbruksareal i dei to kommunane er bortimot likt. Tal bruk i drift kan òg samanliknast. Huglo og Fitjar har dei største mjølkegardane. Begge kommunane har både små og store landbruksføretak, tradisjonelt knytt til sjøbruksmiljø. Det er stort tap av kulturminne knytt til bygningsmasse og stor utfordring knytt til attgroing av verdifullt kulturlandskapet. Både kulturlandskapet og mange kulturminne fortel at her har det vore busetting lenge. Her er busettinger frå steinalderen og rike kulturminne frå bronsealderen i tillegg til kongsgarden frå vikingtida.

Miljøutfordringane knytt til bruk av landbruksplast er blitt svært synleg og krav til å redusere landbrukets klimaavtrykk svært aktuelt i kommunane.

Fitjarøyane er eit av dei 29 referanseområder på kystlynghei i Norge. Området var foreslått som nasjonalt verneområde i 1986, men vart tatt ut grunna stor lokal motstand. I den samanheng tok kommunen på seg ansvar for forvaltning av lyngheiene i Fitjarøyane.

Stord er ein industrikommune med regionscenter. Leirvik fekk bystatus i 1997. Det bynære landbruket har utfordringar grunna stort press på omdisponering av jordbruksareal, men og moglegheit til å tilby verdifulle opplevingar.



Overordna planar og målformuleringer

“Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket” ligg til grunn. Den er fastsett av Landbruksdepartementet 16. februar 2015 med heimel i Jordlova av 12. mai 1995, §§ 3 og 18. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448>

Landbruksplanen for 2017-2025 har følgjande **visjon** for landbruket i Stord og Fitjar; *“Landbruket i Stord og Fitjar – Mangfald, verdiskaping og trivsel”*. I visjonen ligg det at kulturlandskap, kultur og oppleving er viktige element i desse to kommunane.

Kommuneplanane sine kartlegging av kjerneområde landbruk er kommunane sine overordna mål for kor dei vil tilrettelegge for landbruk med verdiar knytt til kulturlandskap. Omsynssoner knytt til kystgarder og kystlynghei i tillegg til kulturlandskap skal gje desse områda spesiell merksemd i kommunal forvaltning.

Kulturminneplan: Rullering av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø for Stord kommune, vedteke 26.11.2009 vart starta opp i 2019. Kulturminneplan for Fitjar, vart vedteken i 2015.

RMP Regionalt miljøprogram vart samkjørt for Hordaland og Sogn og Fjordane gjennom Fylkesmannen i Vestland frå 2019. Satsingsområde skissert i rettleiingsheftet er retningsgjevande for Stord og Fitjar sine prioriteringar. <https://www.fylkesmannen.no/vl/rmp>

Naturmangfaldlova (Lov 2009-06-19-100) er ein naturleg del av all forvaltning og eit viktig verktøy i vurdering av løyving og vilkår ved løyving.

Vassforskrifta (FOR-2006-12-15-1446) med tilhøyrande regional vassforvaltningsplan for perioden 2016-2021 og 2022-2027, Vassressurslova § 11

Forureingslova (LOV-1981-03-13-6)

Prosjektplaner for istandsetting av kystlynghei i Fitjarøyane. Det er lokalt utarbeida beitebruksplan(2008) for heile øyområde og plan for fjerning av sitkagran (2010).



Tematiske prioriteringar

Tema er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. Mellom dei prioriterte tema vert gjennomføringsevne og effekt av tiltaket vurdert.

Tiltak som gir eit velskjøtta kulturlandskap

- Rydding av attgrodd kulturlandskap
- Opne kanaler mot forsumping av jordbruksareal
- Artsrik kulturmark - Naturbase
- Restaurering av kystlynghei

Klimatiltak som

- Stimulere til karbonlagring i jord
- Førebyggje erosjon

Tiltak som reduserer forureining frå landbruket til jord, luft eller vatn

- Minske bruk av landbruksplast
- Etablere dekke over eksisterende gjødsellager
- Forebygge avrenning frå husdyr og rundballer

Tiltak som tilrettelegg for biologisk mangfald

- Tiltak mot uønska vekster og svartelista arter
- Pollinerande insekt

Tiltak som ivaretek kulturminne, bygningar og bygningsmiljø

- Knytt til historie og identitet lokalt
- Knytt til aktivitetar som trekkjer menneske inn på garden
- Planlegging- og tilrettelegging av restaurering

Tiltak som kjem folk flest (ålmenta) til gode.

- informasjon om verdiar i landbruk og natur.
- Tiltak som minsker konflikt mellom husdyr og mennesker i beiteområder med mykje ferdsel



Geografiske prioriteringar av ordningar/tiltak

Geografisk område er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge. I tillegg til å vurdere tiltak og løyving ut frå regelverk vert tematiske prioriteringar, gjennomføringsevne og effekt av tiltaket, ein viktig del av vurderinga.

- **Fitjarøyane** med kulturlandskap knytt til kystgardar, sjøbruk og kystlynghei har stor nasjonal og lokal verdi. Område er med i Riksantikvaren sitt utvalgte «kulturhistorisk landskap» https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2019/12/Kulturhistoriske_landskap_Hordaland.pdf
- **E39** er hovudferdselsåra mellom Stavanger og Bergen. Det passerer mellom 4-6000 bilar her dagleg og i sommarhalvåret er mange av desse knytt til turistnæringa. Kulturlandskapet er fleire stader i ferd med å gro igjen. Her har det tradisjonelt vore ope kulturlandskap med utsyn til sjø. Mange av gardane har redusert talet på beitedyr dei seinaste åra. Tiltak som kan stimulere til samarbeid, og andre tiltak for å motarbeide attgroing, vil bli prioritert.
- **Stord**: Gode tiltak knytt til det "bynære" kulturlandskapet, som kjem både landbruksnæringa og innbyggjarane til gode.
- **Huglo** stimulere til tiltak som ivaretar kulturlandskapsverdiar i dette tradisjonelle landbruksområde og spesielle natur og historieverdiar.
- **Storavatnet (Fitjar), Ådlandsvatnet (Stord) og Tveitavatnet (Huglo)** med utfordringar knytt til uheldig næringstilførsel frå aktivt jordbruksareal.
- **Omsynsoner**: Omsynsoner i kulturminneplan og kommuneplan som er knytt til jordbrukets kulturlandskap skal prioriterast.





Planlagd aktivitet for auka satsing/-søknadsmengd

- I samband med etablering av bio-gass anlegg på Eldøyane opner det for samarbeidstiltak for gode klimatiltak i samband med bruk av husdyrgjødsel
- Årleg kystgardsamlingar med fokus på istandsetting av kulturlandskap og spesielt sviing av kystlynghei.

Rettleiande satsar

Rettleiande satsar frå Fylkesmannen Vestland vert nytta ved tildeling av tilskot.


Forventa trong for økonomiske verkemidlar

I begge kommunane har nye brukarar fått viktig stimuleringshjelp til gode tiltak. Dette er positivt for å stimulere unge bønder og nye brukarar. Vi forventar auke i søknader knytt til forureining, klima og miljø. Største behovet for tilskot har vore knytt til istandsetting av kulturlandskap og restaurering av verneverdige bygg i kulturlandskapet.

Oversikt over omsøkte og tildelte midlar i Stord og Fitjar 2015-2019

		Løyvd tilskot frå FMLA til kommune		Løyvd frå kommune til SMIL tiltak		Innkome søknader/løyvingar	
		Stord	Fitjar	Stord	Fitjar	Stord	Fitjar
SMIL	2019	120 000	260 000	100 700	347 650	4/4	9/9
SMIL	2018	115 000	235 000	176 900	418 200	7/8	13/14
SMIL	2017	350 000		263 950	188 500	8/8	13/15
SMIL	2016	160 000	150 000	114 250	316 370	4/5	9/15
SMIL	2015	200 000	*293 177	365 250	414 500	9/12	9/16

Forventa trong for årlege SMIL tilskot til Stord og Fitjar er kr 500 000,- pr år.



Aktuelle linker:

Nibio:

https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone_cache&X=7195706.12&Y=275054.87&zoom=0

Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/naturbase/>

Kulturminnesøk: <https://kulturminnesok.no/>

Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland (2016) er Riksantikvaren sitt utvalg som Fitjar er del av https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2019/12/Kulturhistoriske_landskap_Hordaland.pdf

Klima- og energiplan (vedteke 2010)

<https://www.austevoll.kommune.no/f/p1/i9a156541-61a2-43d7-babc-3f377cb2d45e/klima-og-energiplan-vedteke-i-austevoll-kommunestyre-02112010.pdf>

Vann Nett portal: <https://vann-nett.no/portal/>



Alle foto: Aase Rygg Nøttveit